

# HYRDINGEN

NR. 5

Oktober 2011

ÅRGANG 53

Kyrkjeblad for Bjoa, Imsland, Sandeid, Skjold, Vats, Vikebygd, Vikedal og Ølen



*Min song av Herlaug Norenes  
«Ingen er så trygg i fare»*

Side 5



*Erik Frøyland  
fortel frå Japan*

Side 3

## Kyrkjejubileum: Imsland kyrkje 150 år



Sokneprest Harald Eintveit, tidlegare prest i Vikedal, Ådne Skiftun, biskop Erling J. Pettersen, prost Arne O. Øystese og forrige prest Bjarne Hjelvik. Side 6 og 7



**HYRDINGEN:**  
Ansvarleg: Steinar Skartland

Epost: redaksjonen@hyrdingen.no  
Bladpengar/gåver til Hyrdingen  
på konto: 3243 05 05202  
Adr. Skjold kyrkje, Postboks 6,  
5574 Skjold

Layout/trykk: A1 Grafisk Idé, Ølen

#### **SOKNEPRESTANE:** **Soknepresten i Ølen**

Johannes Nedreliid, Eiotunet,  
Pb. 60, 5588 Ølen  
Tlf. 53 65 65 41 Fa 53 76 72 00  
Privat 53 76 86 22  
Epost: johannes.nedreliid@  
vindafjord.kommune.no  
Kontortid: Tys, tor, fre kl. 10-12  
ons kl. 12.30-14

**Soknepresten i Skjold**  
Skjold kyrkje, Pb. 6, 5574 Skjold  
Tlf. 52 76 73 82 Fa 52 76 73 89  
Kontortid: Tys 9-15  
Ons og Tor 9-12

Sigrunn Hagen Arnesen  
Tlf. 52 76 73 82, mobil 977 52 534  
sigrunn.hagen.arnesen@  
vindafjord.kommune.no

Martin Ivar Arnesen  
Tlf. 52 76 73 82, mobil 980 37 571  
Epost: martin.ivar.arnesen@  
vindafjord.kommune.no

**Soknepresten i Vikedal**  
Harald Eintveit, Kommunehuset,  
Pb. 40, 5583 Vikedal.  
Tlf. 53 65 56 17 - Fa 52 76 02 97  
Kontortid: Tor 9-15

Forværelse:  
Marit Hegrenes tlf. 53 65 56 18

**Prostiprest/fengelsprest:**  
Arild Markussen tlf. 944 39 639

Mandag er prestane sin fridag.

**Organistar:**  
Juri Kotkovitch: 416 46 183  
Nelly Kotkovitch: 948 23 044

**Kyrkjeverja i Vindafjord**  
Inghart Lasse Tveit, Skjold kyrkje  
Tlf. 52 76 73 85 / 977 64 146

**Soknerådsleiarar:**  
Imsland: Jolaug Sæle Kaldheim  
Vikedal: Herdis Pedersen  
Sandeid: Kari Vik Stuhaug  
Vats: Arild Urdal  
Ølen: Liv Ingunn Heie Medhaug  
Bjøa: Trond Ove Alvseike  
Vikebygd: Brit Nelly Tveit  
Skjold: Elin Frøyland

# Presten har ordet

ved prosti-/fengelsprest Arild Markussen



## Dødsbilleg?

Dei er ikkje dødskule, kleda, - men blir bydde fram til spottpris. Sydde av sterkt underbetalte, som ofte tener mindre enn dei treng for å halde sveltedøden unna. Liknande gjeld til dømes dei som arbeider på kaffe-, te- og bananplantasjar (og småungar som syr fotballar...).

Dødsbilleg... Lurer du aldri på korleis det er mogleg?

Dei som driv kjøtproduksjon her på berget veit litt om ubalansen mellom innsats og utkome. Kor mange timer ute i därleg ver på glatte berg og i bratte ler for å få fårikålkjøttet heim? Minst like vondt for småprodusentane og arbeidaraane nemnt her.

Tenk om vi kunne hjelpe dei til å få rettferdig betalt! Ein måte er å satse på såkalla fair trade-produkt.

#### **Kollektiv skuld**

Bots- og bededag har vi berre ein gong i året (Om ei vekes tid...) Denne dagen set sokjelyset på vår kollektive skuld - som folk og nasjon.

Bibelen er klår om Herrens dom over uærleg handel:

*"Høyr, de som trakkar fattigfolk ned! De kjøper småkårsfolk for pengar, ein fattig stakkar for eit par skor og seier: "No sel vi avfallskorn!" Herren har svore ved Jakobs øre: Aldri skal eg gløyma....!"* (Profeten Amos, 8)

Himmelorda seier mykje om daglegliv på jorda!

#### **Kollektiv, men også privat aksjon**

Bot og betring for uetisk handel høyer heime på politikkens felt; handelspolitikken bør endrast. Men også vårt daglege handlemønster. Utfordringa er konstant - og faktisk prekær. Og vi kan gjere noko avgjerande når vi avgjer kva vi plukker ned av reolane.

Bibelen er klår: Har vi ikkje gjort opp med nesten vår og våre medskapningar, då har vi også noko uoppgjort med Den høge og heilage. *"EG var svolten"*, skal Han seie på den siste dagen.

Og apostelen Johannes seier i første brevet sitt:

*"Men den som har meir enn nok å leva av, og likevel lèt att hjartet sitt når han ser bror sin lida naud, korleis kan han ha Guds kjerleik i seg?"*

Han gav seg sjølv for oss. Som Han har elska oss, skal vi elske kvarandre!

Så var det altså Han vi oversåg då vi ikkje handla rettferdig, men kjøpte dødsbilleg og gav fattigfolk spottpris...

Kan vi prise Herren søndag - og så prisgi de fattige på handledagen?

*Trade fair!*

## Innsamlingsaksjon til Open Heart v/ Hallvard Hasseløy

Austreimsbygda Bedehus 24. okt. kl 16.00 - 20.00

Øvre Vats Bedehus 25. okt. kl 13.00 - 20.00

Vikebygd Bedehus 26. okt. kl 14.00 - 20.00 og 27. okt. kl. 14.00 - 17.00.

Øvre Vats Bedehus 27. okt. kl 19.00

Møte v/ Hallvard Hasseløy som fortel og viser bilder frå det omfattande arbeidet blant landets fattigaste i Ukraina. Hjarteleg velkommen til alle.



Av Steinar Skartland

La meg først få gratulera alle dei som er valde inn i nye sokneråd. Vi har 8 kyrkjer i kommunen vår, og i desse føregår svært mykje spennande og viktig arbeid. Nå skal du få vera med på å leggja føringane for dette arbeidet, men også å syta for at kyrkjer og kyrkjegardar har ein god standard. Ha frimod i tenesta, men hugs på: Du er ikkje åleine, men del av eit team. Og over oss har vi ein Gud som med sin skare av englar skal passa på oss, både store og små. Og Jesus som har gjeve oss forsoninga (Rom 5,11). Om oppgåvane skulle opplevast som store og vanskelege, så skal du få henta kraft gjennom bøn og bibel og ikkje minst gjennom samværet med andre i den kristne forsamlinga.

Som det står Paulus sitt brev til Filipparane (4, 6-7): Gjer dykk inga sut for noko! Men legg alt de har på hjarta, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing. Og Guds fred som går over alt vit, skal vara dykker hjarto og tankar i Kristus Jesus.

Vi har det godt i landet vårt og mykje å takka for. La ikkje dei som klagar få ta glede og frimodet i frå deg. Samanliknar vi oss med andre land, ser vi at Guds velsigning er stor over landet vårt. Måtte takkseiingane verta like store og få fylla oss alle med kraft og glede i tenesta.

Så ser vi at utanfor våre grenser er det mange som slit og har lite å greia seg med. I søndagsskulen syng vi av og til denne songen:

Vi kan dele, dele, dele du og eg,  
dele av vår overflod  
med dei som saknar hus og heim,  
og ikkje har det daglege brød.  
Vi kan dele, dele, dele du og eg  
med dei som er i nød.

Lukke til i tenesta.

# Erik Frøyland fortel frå Japan

Japanmisjonæren Erik Frøyland og kona Noriko er på 3 veker ferie i Noreg. Dei har og fått vore saman med døtrene Marta og Manna som gjekk på skule på Sørlandet i vinter.

Erik fortel at heile Japan er sterkt merka av den store katastrofen landet er ramma av. Deira arbeidsplass er ikkje midt oppi katastrofeområdet etter jordskjelvet, men dei har føling med det gjennom pårørande. Det er ennå 3500 som er sakna, og folk går dag etter dag og leitar i ruinar og vrakgods om dei kan finna nokon av sine. – Uendeleg stor sorg og smerte -. Mange har mista heile familien og set att åleine og spør: ”Kvífor skulle eg leva. Det hadde vore betre at eg og hadde døydd!” - Ein liten skulegut vart berga frå bølgja då ranselen hans hengde seg opp i eit fiskegarn. Heile resten av klassen vart borte.

## Stor naud

Utlendingar som kjem til Japan undrast over at ingen plyndrar og stel frå øydelagde hus slik det skjer i andre land. Nei, her hjelper alle kvarandre så godt dei kan.

Tålmodet tek no etter kvart slutt, og eit stort sinne har vakse fram mot kraftverket som heile tida har forsikra om at det var ufarleg. Det er spesielt 4 fylke som er hardt ramma. Bøndene og fiskarane her får ikkje selja varene sine p.g.a radioaktiv stråling. Det kan gå mange tiår før fiske og jordbruk kan koma i gong att. Kraftverket har betalt 1 mill. yen (ca 65.000 kr) til dei som vart heimlause, og det er ikkje utbetaling av forsikringar, så konsekvensane er enorme. Sjølv om strålefaren er stor, vil ikkje folk flytta. Dei vil vera der familien har levd.

Keisaren er flink. Han har besøkt mange flyktningleirar og har godord og trøyst til person etter person.

## Konsekvensar for heile landet

Etter at fleire atomreaktorar, ved kraftanlegget i Fukushima, er øydelagde, er det stor mangel på elektrisitet i landet, seier Erik. Folk har måttå læra å retta seg etter eit nytt uttrykk: ”Planlagde straumbrot!” Toga står i periodar, det same gjeld

heisane i dei store skyskraparane. Bankar og forretningar stansar når straumen vert kopla ut, og nå snakkar statsministeren om stenging av eit kraftverk til.

30.000 menneske mista livet i katastrofen. Nå er folk redde for at Tokyo kan bli ramma, og millionar er i faresona.

## ”Kan det vera ein rettferdig Gud når noko slikt skjer?”

Det er spørsmålet mange stiller seg nå. Andre fortel om folk som er blitt berga på underfulle måtar, og fortel at opplevelingar og trøyst har vore trustyrkjande.

Ei kyrkje i Sendai forsvann, og då dei etter lang leiting fann presten, fortalte han sjølv at han hadde klatra opp på taket av kyrkja og klamra seg fast til krossen.

Det var blitt berginga hans.

Erik fortel at nå kjem folk og bed om hjelp til å bli kristne. Det er ei stille vekking på austkysten.



## Kyrkja med i hjelpearbeid.

Der Erik og familien bur, er det 25 mils avstand i luftlinje frå katastrofeområdet. Det er og fjell mellom, så dei er skåna frå ein god del av radioaktivt nedfall. Kyrkjelyden deira engasjerer seg i hjelpearbeidet. Den 15. juni kom det 16 heimlause som hadde mista alt, til kyrkja i Haramura. Dei hadde ingen ting å leva for, sa dei då dei kom. Då dei reiste sa dei at dei ville koma attende om tre år. Mange tårer vart felte den dagen, og Erik tala kort om at Jesus sjøl gret, frå Joh. 11,35. Ein komité er sett ned, og ein planlegg å leggja til rette for lengre opphold for 20 – 30 personar frå eit hardt ramma område. Planane er at dei skal få opplæring i å driva jordbruk.

## Helsing

Erik viser tilslutt til Misjonsvennen nr 8 om at han ikkje var vore så frisk i det siste.

Han seier at så langt har forsøk med medsinar ikkje påvist at han har Parkinsons sjukdom, og at han ikkje kjenner seg så trøytt, og svimmelheita er borte. Han takkar for forbøn og oppmuntring.

Jens Tveit

# *Dei nye sokneråda*

## **Ølen sokn**

Liv Ingunn Heie Medhaug  
 Per Ølfarnes  
 Sølvi Anne Eide Lunde  
 Bjørg Kristine Østvold  
 Helge Johan Stautland  
 Leiv Karsten Medhaug  
 Ellen Marie H. Hundhammer  
 Sigrid Johanne Henriksen

### **Varamedlemmer:**

Mattis Gravelseter  
 Gunvor Hundhammer  
 Aud Torill Ørke  
 Øyvind Berge  
 Bjørn Asgeir Lunde

## **Sandeid sokn**

Georg Bernt Leite  
 Gudveig Håland  
 Rakel Årak  
 Gro Sofie Hallingstad Øverland  
 Gurine Hustvedt  
 Dag Arne Matre

### **Varamedlemmer:**

Geir Olav Larsen  
 Heidi Marie Helgevold  
 Erling Olav Gryte  
 Lillian Vormestrand  
 Terje Kambe

## **Imsland sokn**

Jølaug Sæle Kaldheim  
 Theodor Hilmar Imsland  
 Ingrid Marvik  
 Anne Marie Håvardsen  
 Borgny Jofrid Hustoft  
 Judit Kringlebotten Rønnevik

### **Varamedlemmer:**

Edvin Marvik  
 Magnar Bernhard Rønnevik  
 Knut Olav Hustveit  
 Jan Iltveit Nordtveit  
 Siv Helen Lie Olsen

## **Vikedal sokn**

Herdís Marie Pedersen  
 Bjørg Ågot Djuvik  
 Geir Torkel Roalkvam  
 Andreas Rosså  
 Lillian Irene Berget Eikeland  
 Inger Olaug Sandvik

### **Varamedlemmer:**

Bjørg Gunn Opsal  
 Signy Tveit Fosen  
 Halldis Johanna Hustveit  
 Hilde Karin Vetrhus Langballe  
 Tjeran Selland

## **Skjold sokn**

Ottar Krakk  
 Karianne Dagsland  
 Evelyn Rabben Hustveit  
 Sølvi Søreiðe  
 Anne Kristine Lilleskog Andersen  
 Endre Stople  
 Asle Kvítino Dagsland  
 Øystein Kalstveit

### **Varamedlemmer:**

Geir Tore Sørhus  
 Kjetil Nesbu  
 Jarle Kringlebotten  
 Oddbjørn Mangrud  
 Gustav Magnus Frøyland

## **Bjoa sokn**

Trond Ove Alvseike  
 Elisabeth Lunde  
 Torunn Elise Hetland  
 Ivar Halvorsen  
 Jarle Sandsgård  
 Solveig Engesæter Alvseike

### **Varamedlemmer:**

Kristian Haraldson Røsset  
 Mariann Alme Samuelsen  
 Anne-Grethe Gjerde  
 Ann Elisabeth Totland Fremming  
 Odd Johannes Lien



## **Vikebygd sokn**

Brit Nelly Ness Tveit  
 Øyvind Valen  
 Anna Karolina Fisk Eide  
 Dag Hans Nagel-Alne  
 Rolf Alne  
 Brita Laugaland

### **Varamedlemmer:**

Jarle Årvik  
 Hilde Stene Bauge  
 Geir Mandius Vårvik  
 Linda Langeland  
 Marit Larsen

## **Vats sokn**

Arild Urdal  
 Torunn Jønsson  
 Svein Magne Krakk  
 Kari Gjellestad  
 Håkon Børre Mesecke Koltveit  
 Grete Skeie Sørhus

### **Varamedlemmer:**

Margaret Borgen Gjerde  
 Kari Meling  
 May Sigrun Bakke  
 Brit Ingunn Bjørnsen Lærdal  
 Laila Sørhus

## **Stavanger bispedømme**

Svein Arne Lindø, Riska  
 Marie Klakegg Grastveit, Frøyland og Orstad  
 Liv Hjørdis Glette, Haugesund  
 Leif Christian Andersen, Bekkefaret  
 Silje Arnevik Barkved, Lura  
 Tor Soppeland, Årdal  
 Gyrid Espeland, Eigerøy

# **Juleverkstad**

på Øvre Vats bedehus laurdag 3. desember

Alle skal få vera med å laga pynt. Det blir servering av graut, saft, småkaker og kaffi. Me skal ha ei lita utlodning, og Elisabeth Fauskanger frå søndagsskulekretsen blir med oss. Velkommen store og små frå heile Vats. Arr: Søndagsskulen og bedehuset.



# Min song: Ingen er så trygg i fare

Denne songen er eg glad i. Eg kjenner den er ”min song” når vi syng den. Eg har sunge den frå eg var litra jente. Den var eit ”blinkskot” til å øve meg på annenstemme, der vi sat i bilen og song for ikkje å verte bilsjuke.

Eg trur det var langt meir enn å øve annenstemme og å kjempe mot bilsjuke som gjorde at eg lika så godt akkurat denne songen. Den var så trygg å syngle!

Det var nok godt å vite at vi var omslutta og passa på når far fekk sin første bil, ei kvit ”boble” som skulle trilla langs farefulle vegar. Guds vesle barneskare kunne føle seg trygg!

Kvar gong når eg gjennom livet har kome over eit bilette der ein engel står bak eit barn som står i fare, ofte på eit stup, har ”ingen er så trygg i fare som Guds lille barneskare” tona i meg.

Songen fylgte med meg til Sør-Amerika, der eg saman med familien budde i mange år. Der kunne eg oppleve farer som trua meg. Eg har klynga meg til at eg kunne vere trygg i fare, når tanken på jordskjelv kunne vere vanskeleg å takle, - eller i tider med terroristar som lurte rundt oss. Herren vil berge, - Han er vårt skjold. Han bærer på faderarmar. Det fekk vi som misjon oppleve heilt konkret den gongen terroristane inntok misjonsstasjonen.



Herlaug Norenes

Ingen er så trygg i fare  
som Guds lille barneskare,  
fuglen ei i skjul bak løvet,  
stjernen ei høyt overstøvet.

Herren selv vil sine berge  
Han er deres skjold og verge  
Over dem Han seg forbarmer  
Bærer dem på faderarmer.

Ingen nød og ingen lykke  
Skal av Herrens hånd dem rykke.  
Han, den beste venn blant venner,  
Sine barns bekymring kjenner.

Våre hodehår han teller,  
Hver en tåre som vi feller.  
Han oss føder og oss kleder  
Midt i sorgen han oss gleder.

Gled deg da, du lille skare  
Jacobs Gud skal deg bevare.  
For hans allmaks ord må alle  
Fiender til jorden falle.

Hva han tar, og hva han giver  
Samme Fader han forbliver  
Og hans mål er dette ene:  
Barnets sanne vel alene.

Helsing Herlaug Norenes

Gud er den beste venn eg kan ha. Han kjenner til kva som er tungt i livet mitt, ja, betre enn eg sjølv gjer det. Det kjennes godt å synge om Gud som kjenner meg så godt at Han ”teller mine hodehår og mine tårer”, for heller ikkje mine dagar er fylt med berre glede. Men – Han gler meg igjen og igjen!

Ei god trøyst kjem fram i songen: Gud er den same. Han er stabil, - uansett kva Han tillet kva skjer med meg. Han har ei god hensikt for sitt barn.

Ja, det er så mykje eg gjerne saman med Lina Sandell har lyst å vere med å formidle i songen.

For songen er basert på trygg grunn, då den gjenspeilar mange ord i Bibelen.

Difor syng eg den gjerne i forsamlinga, - eg har sunge den for mine born og eg syng den så gjerne for mine barnebarn.

restaureringsarbeid. Me vil stelle til ein orgelkonsert til våren, og då håper me mange vil nytte høvet til å høyra orgelet i nypussa stand!

Vats sokneråd v/Inger Gunn Velde

## Orgelet i Vats kyrkje

Gladmelding til alle som gler seg over god og klingande orgelmusikk i kyrkja vår. Etter at orgelet har vore demontert og til reparasjon det siste halvåret, kan me nå gleda oss over at alt er på plass

igjen. Klangen i orgelet skal vera som opphavelig, eller kanskje litt betre?

Me takkar alle bedrifter og privatpersonar for pengebidrag! Det er årsaka til at me nå kan gleda oss over fullført

## Vennskapskonsert

Skjold kyrkje 6. november kl 18.00

Lystenning og markering av Alle Helgensdag

Deltakarar: Berge Ohm, Gro Marit Larsen, Arne Tveit, Julie og Lydia, Nomi og Helene, Skjold Barnekor, Level Six, G17. Bilder frå Ihosy.

Konferansier: Torgeir Eidhammer. Billettar: Voksne kr 100,- / Barn kr 50,- / Pause med sal av brus, kaffi og kaker. Konserten er til innlekt for Barn og Unge i Ihosy på Madagaskar.

Arr: Vennskapsforeninga Vindafjord - Ihosy



Med fotballar, draktar og sko frå Vindafjord



Middag og festsamvær på Imsland bygdahus.

## Vellukka jubileumsfeiring i Imsland

Helga 24. og 25. september feira imslandsbuen at kyrkja i Imsland var 150 år. Det opna med kyrkjekonsert på laurdagskvelden. Omlag 200 møtte opp og fekk høyra ein variert konsert med mykje lokal musikk. Musikken var henta frå Ingebrigt Bjelland si samling "Folkeleg musikk i Rogaland". Konserten femna eit stort spenn frå gripande salmar og songar, til skjemteviser, instrumental musikk og folkemusikk. Fleire av salmane og songane hadde tekst og melodi skrivne av Ingebrigt sin far Oluf Bjelland. Han har også skive Imslandsongen som framleis blir brukt kvar 17. mai med med tonen "Sønner av Norge". Men nå presenterte familien Bjelland songen med forfattaren sin eigen melodi, som var svært vakker. Kanskje vi heretter kan bruke songen med denne tonen!

Konserten opna med ein bruremarsj frå Jelsa og slutta med ein brureslått frå Høgsfjord spelt av vår kantor Juri Kotkovitch. Han og kona Nelly akkompagnerte dei fleste salmane og songane på ein framifrå måte. Stor takk til dei. Takk også til Ingebrigt Bjelland og alle solistane som ga oss ein minnerik kveld.

Feiringa heldt fram på søndagen med jubileumsgudsteneste. Her medverka både soknepresten Harald Eintveit, prost Arne O. Øystese og biskop Erling J. Pettersen.



Dei geistelege som var tilstade: Sokneprest Harald Eintveit, tidlegare prest i Vikedal, Ådne Skiftun, biskop Erling J. Pettersen, prost Arne O. Øystese og forrige prest Bjarne Hjelvik.

tersen som heldt talen for dagen.

Tilstades var også to tidlegare prestar i soknet, Ådne Skiftun og Bjarne Hjelvik. Presteskapet kom inn i prosesjon sammen med soknerådsformann Jolaug Sæle Kaldheim. Under ofringa spela kantor musikk frå Imslandsongen og to salmar

frå konserten, og postludiet var "Bruralslått frå Høgsfjord" også frå konserten.

Dagen vart så avslutta med middag og festsamvær på Imsland bygdahus, kor heile kyrkjelyden var invitert, nærmere 150 gjester. Soknepresten leia festen. Her var song av syskena Ingebrigt Bjelland, Bjørg Tårland og Olaug Bjelland Jacobsen, og av ein ung trio: Gunnhild Skeie, Julie Andreassen og Lydia Haugan. Tomas Finnvik fortalte utdrag frå kyrkjehistoria og Oddvar Haugland fortalte om humørfylte episodar knytta til kyrkje og kristenliv. Tilstades på festen var også barnebarnet til tidlegare sokneprest Bjarne Hjelvik, Steffen Knutsen Hjelvik, som er tipp-tipp oldebarnet til Steffen Johannesen, medlem av byggekomiten for kyrkja. Prost Øystese hadde ein liten samtale med den fire år gamle guten framfor festlyden.

Mange av gjestene kom med helsingar til soknet. Mellom anna biskop, prost og dei tidlegare prestane, ordførar og fellestreld.

Vi vil også minna om jubileumsboka "Imsland kyrkje 150 år - Kyrkje og kristenliv i soknet gjennom tida." Her kan ein leasa meir om historia til kyrkja. Ho er tilgjengelig i lokale bokhandlar, butikkar og bank.

Soknerådet

# Jubileumskonsert i Imsland kyrkje

24. – 25. september markerte kyrkje-lyden i Imsland at kyrkja deira er 150 år gammal.

Markeringsvar tridelt, med festgudsteneste og stor middag på sundag 25. og ein konsert i kyrkja på laurdagskvelden den 24.

Konserten samla eit fullsett kyrkjerom og vart ein strålande opptakt til markeringa.

Ansvarleg for konserten var Ingebrigt Bjelland, innfødd Imslandsbu, og vel kjend i musikk – krinsar i Stavanger og regionen elles, som mangeårig lektor ved Stavanger lærarhøgskule og Universitetet i Stavanger. Han hadde med seg seks songsolistar: Rannveig Westvig Skiri, Torunn Rønnevik, Per Sigmund Rettedal og Hans Petter Hansen, samt Bjelland-søstrene Bjørg og Olaug. Instrumentale innslag og akkompanjemant til songarane og allsong var ved Ingebrigt Bjelland, Eirik R. Stangenes, Nelly og Juri Kotkovitch, kantorar i Vindafjord.

Musikkstykkja, eller låtane som Ingebrigt (Bitt) Bjelland valde å kalla dei, var alle arrangerte av Bjelland. Mange av dei hadde også sterkt Imslands-bakgrunn etter som fleire tekstar og melodiar var skrivne av Oluf Bjelland, lærar i Imsland og Sauda, og far til Ingebrigt.

Innhaldet i konserten spende frå salmar til bygdesongar, skjemteviser og instrumental musikk.

Instrumentalt vart det framført så



Imsland kyrkje

vel bruremarsj og bruraslått frå Jelsa og Høgsfjord og springar frå Suldal. Imslandsongen som ofta blir sungen til melodien til Sønner av Norge, vart her framført av Bjelland-syskena til ein nydeleg melodi av far deira, Oluf Bjelland. Ein melodi som så absolutt bør takast meir i bruk.

Pedagogen i Ingebrigt Bjelland kom greit fram i måten han leia konserten på, med kommentarar om opphav, musikalsk innhald i tone – og taktartar og anekdotar om mange av dei som hadde gjeve han tekstar og tonar. Mykje av dette stoffet har han gjeve ut i ei bok følgd av to CD'ar, "Folkeleg musikk i Rogaland". Bjelland sine evner som ar-

rangør kom heilt til sin rett i låtane. Underteikna fann låten "Til jenta mi", ein melodi av Oluf Bjelland, som sitt høgdepunkt for kvelden, der Bjelland sjølv spela ein leikande låt på piano og Eirik R. Stangenes på violin ga eit meir melan-kolsk motstykke. Godt arrangement og godt samspel !

Det var heilt klårt at dei som hadde funne vegen til Imsland kyrkje denne laurdagskvelden, hadde opplevd ein god og minneverdig konsert. Det kom greit fram i kommentarane folk i mellom, og i det at dei slett ikkje hadde det travelt med å komma seg ut og heim.

Arild Stavsøyen

## 50-års konfirmantar i Ølen

Helga 17. – 18. september var 14 femtiårskonfirmantar samla i Ølen til hyggeleg mimering. Det var 26 som vart konfirmerte i 1961, og 6 av dei er døde. Tradisjonen med å invitere konfirmantar etter 50 år har ligge nede minst to år i Ølen, men etter initiativ blant "konfirmantane" sjølv vart det i år sendt ut innbyding. Dei var saman i privat lag laurdag kveld. På sundag kom dei inn i kyrkja i prosesjon ved starten av Gudstenesta. Forrettande prest, Martin Ivar Arnesen, helsa dei seinare og la til at han sjølv var eitt år gammal då dei vart konfirmerte. Festhelga vart avslutta med middag på Kyrkjeturnet.



1. rekkje: Jostein Oddbjørn Lunde, Marie Alice Hildegunn Østhus, Inger Sissel Handeland Askvik, Liv Bente Eidholm, Gunnvor Handeland Feed, Bjørg Marit Strand Berge og Torgeir Magnar Eidhammer.

Bakre rekkje: Arne Sigvald Svendsen, Anne Sofie Haugland Fatland, Herbert Albert Muller, Magne Berge, Johannes Årekol, Torleif Inge Djuvik.



*Trusopplæring for born i Vikebygd kyrkje.*

## *Arbeid blant barn og unge er å byggje samfunnet nedanfrå!*

Kyrkjelydane i Vindafjord arbeider for å styrke og utvikle arbeidet blant barn og unge, og vil opprette ei full stilling for dette arbeidet!

Kyrkja har god tradisjon for å vere ein viktig aktør i arbeid blant barn og unge. Men også kyrkja har fornya seg og teke i bruk andre og nye arbeidsmåtar. Opp leve, undre, delta og reflektere er stikkord for kyrkja sine planar for barne- og ungdomsarbeid i samband med den omfattande trusopplæringsreforma. Barn og unge treng gode stader å vera og delta, men unge i dag er også medvitne om kva som er kvalitet. Når kyrkja er på sitt beste i møte med barn og unge, bidrar ho til å styrke tru, omsorg og livsmeistring. Andre viktige verdiar er toleranse og respekt for dei som er annleis. I møte med mange og nye kulturar i landet vårt trur vi at medvit om vår eigen tru, kultur og identitet skaper tryggleik og respekt.

Dette arbeidet startar frå barnets første leveår. Små og jamne drypp gjennom heile oppveksten gjer kyrkjeleg barne-

og ungdomsarbeid til god førebyggjing og god samfunnsbyggjing. Kyrkja har ei brei kontaktfplate og svært mange av barn og unge i kommunen vår er innom kyrkja sine aktivitetar jamleg.

Sokneråda ønskjer å gjere endå meir for at kyrkja skal fungere på sitt beste i dette arbeidet!

Det er mange frivillige som gjer ein stor innsats. Kateket i halv stilling betyr mykje for arbeidet i tidlegare Ølen prestegjeld (Ølen, Bjoa og Vikebygd). Men meir fagpersonell vil kunne tilføre nye arbeidsmetodar, styrke samarbeidet mellom bygdene og vere ei støtte og til inspirasjon for dei mange frivillige i dette arbeidet.

Sokneråda er i ferd med å avklare sine bidrag til ei ny stilling som kyrkjelydspedagog. Så vonar me politikarane ser verdien av ei slik stilling og prioriterer midlar over kommunebudsjettet. Og sist men ikkje minst oppmodar me privatpersonar til å gi si støtte. Sjå annan stad i bladet.

### **Han Innante inspirerte om trusopplæring**

Tirsdag 18. oktober besøkte Torolf Nordbø alias Han Innante Skjold kyrkje. Målet var å inspirere til kristent arbeid blant barn og unge i Vindafjord, og alle som er interesserte i dette var inviterte. Han Innante underheldt i kjent figur, og Torolf heldt ein meir seriøs konsertdel. Før arrangementet fortalte Nordbø at møtet med kyrkja og bedehus i ungdomstida for han gav ein fridom og bolstrepplass for hans kreative evner, og at dette har betydd mykje for han seinare i livet.

I samlinga vart det også orientert om lokale tiltak – m.a. ungdomsklubben i Vikedal og Lys Vaken for 11-åringar. Det vart orientert om kartlegginga som er gjort av dei mange gode tiltaka rundt i bygdene, og planane for å utvikle desse og tilsetje kyrkjelydspedagog i tillegg til kateketen me har i dag.

*Kari Vik Stuhaug. Leiar Felles utval for trusopplæring i Vindafjord*

# Trusopplæring for alle

## Trusopplæring – ei felles oppgåve

Det er kyrkja sitt mål at alle som veks opp i Vindafjord skal få tilbod om å delta i opplæring i den kristne trua når dei er i alderen 0 – 18 år. Dette lovar også foreldre og fadrar ved dåpen. Etter nokre år med prøveordning i ein del av kyrkjelydane i Noreg, har Stortinget vedteke at alle sokn skal få offentlege midlar til dette. Desse vil koma i løpet av tre år, men i Vindafjord ønskjer me å starta nå! Difor treng me å utvide stillinga som kateket/kyrkjelydsmedarbeider frå 50 % til 150% - slik at alle sokn kan få del i denne tenesta.

## Kateket/kyrkjelydsmedarbeider for alle bygdene

Eit felles utval for alle sokneråda har arbeidd med plan for finansiering og utlysing av ekstra stilling som kyrkjelydsmedarbeider. Ein føresetnad for å finansiere dette er at kommunen, sokneråda og dei som er medlemmer av kyrkja vår, deler på kostnaden.

## Gjevarteneste med skattefritak

Me utfordrar difor alle som ser trangen for støtte frå ein kyrkjelydsmedarbeider til arbeidet blant barn og unge i kommunen vår, til å melde seg til fast gjevarteneste slik at dette er oppnåelig. Me utfordrar deg til å binde deg til eit fast beløp månadleg eller



kvartalsvis. Fyll ut og send inn skjemaet som står nedst på sida. Du vil få kvittering ved slutten av året som kan nyttast i likninga og som gir rett til skattefritak for gåver inntil kr 12 000 pr. år.

## Finansiering og organisering av stillinga

Fellesrådet har sett opp kr 250 000 til denne stillinga øvst på prioriteringslista overfor kommunebudsjettet for 2012. Kvart sokn tek på seg ein høvesvis del av kostnaden. Gjevarteneste skal dekkje siste delen.

Midlane blir administrert felles, uavhengig kva bygd dei kjem i frå. Fellesrådet tek på seg arbeidsgjevaransvar for den nye stillinga.

Denne finansieringa er middertidig og vil vare inntil tre år, fram til me får statlege midlar. Statsbudsjettet tildeler ikkje midlar for 2012. Vil du hjelpe oss med å realisere dette slik at me kan lyse ut stilling som kyrkjelydsmedarbeider alt no? Stillingsa kan først lysast ut når me har ein viss sikkerhet for økonomien. Me ønskjer difor svar frå deg innan 1. des. 2011

## JA – eg vil delta i gjevartenesta med skattefrådrag til stillinga som kyrkjelydsmedarbeider

Avtalen gjeld frå januar 2012 og maks fram til utgangen av 2014, til dess det kjem statlege midlar frå trusopplæringsreforma eller til eg sjølv seier den opp.

Obs! Vi vil ta kontakt med deg for å avtale kva type betalingsmåte og varsling du ønskjer å nytte før evt. trekk vil utført.

Eg kan tenke meg å betale via:      Avtalegiro       Ordnar fast overføring med banken/ i nettbanken sjølv

Eg ønskjer å gi pr. månad:      kr 100       kr 200       kr 500       annan sum kr.....

Evt sum i løpet av eit år: kr.....

Namn: .....      Mobilnr. .....

Adresse: .....      E-post: .....

Postnr/ Stad: .....

Dato:..... Underskrift: .....

**Send svarsleppen til: Kari Vik Stuhaug, 5585 Sandeid (leiar i Felles utval for trusopplæring)**

**Evt. pr e-brev til [karivik@stuhaug.no](mailto:karivik@stuhaug.no) med same informasjon som ovanfor.**

Betalingsmottakar: Vindafjord kyrkjelag Fellesråd - Trusopplæringsstiltak. Postboks 6. 5574 Skjold

# ANNONSER OG KUNNGJERINGER

Velkommen til Lundeneset

Hjemmefra, men ikke alene

Lundeneset VGS er en kristen privatskole i Ølensvåg.  
Vi tilbyr Studiespesialisering, Medier og kommunikasjon,  
Service og samferdsel og Påbygging til generell studiekompetanse.

HOS OSS FÅR DU KUNNSKAP OG VENNER FOR LIVET!

**LES MER PÅ LVS.NO**

LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS Vi er en del av NLMvgs LUNDENESET VGS



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 10



5576 Øvre Vats Tlf. 52 76 73 12



## GRAVSTEIN



Se vår store utstilling, eller ring og be om katalog.

Se også vår hjemmeside:

**www.skattkjaer.no**

**Skattkjær Skiferindustri as**

**Ørpelveitsvn. 59  
tlf. 52 70 42 90**

Åpningstider:

Mandag-fredag kl. 07.30-15.30  
Torsdag til kl. 18. Lørdag stengt.

## Misjonsmesse for Skjold og Vats

På Isvik bedehus 18. og 19. november

Fredag: Misjonsfest kl. 19.00  
Festtalar Trygve Sandvik  
Song av "Løvsangs team" fra Auklandshavn

Laurdag: Familietime kl. 11.30  
Andakt v/Henning Liknes  
Song av "Miniklang" fra Vats  
Kafé og åresal  
Sal av handarbeid og heimebakst  
startar rett etter familietimen.

## Eldrefest

på Isvik bedehus onsdag 26.10. kl.14.00.  
Mat og utlodning.  
Hjarteleg velkommen til alle.

**BLÅ JULEGAVER**  
TIL VENNER OG FAMILIE GJØR EN STOR FORSKJELL  
[www.blagaver.no »](http://www.blagaver.no)



Vikebygd Landhandel AS

Tlf 53 76 91 69 - Faks 53 76 91 01  
E-post: joker.vikebygd@ngbutikk.net



**Primærtjenesten Bjoa AS**

Rep. av jordbruksredskap  
og mek. verksted

TLF. 53 76 97 61  
Mobil: 905 42 342 - Fax 53 76 92 80

# FRÅ KYRKJEBOKA

## ØLEN

### Døde:

16.08. Magne Markhus f. 1938  
30.09. Torgils Cornelius Klungland f. 1929

### Døypte

Ella Steinsland  
Elena Nordtveit  
Adrian Vedholm Heggen  
Trym Djuve Jekteberg

### Vigde:

Malin Haugland og Bjørn Alvseike  
Christine Rødne og Jan Christian Brataas

## VIKEBYGD

### Døypte:

Adrian Moe Brendsdal

## SKJOLD

### Døypte:

11.09. Sigrid Elisabeth Rabben-Kalstveit

### Vigde:

10.09. Marit Kvamme og Øyvind Vik  
24.09. Maili Tveit og Leif Ragnar Oppedal

### Døde:

12.09. Harald Johan Mikal Haraldseide f.1916  
06.09. Hanna Kristofa Sandvik f.1924  
12.09. Harald Johan Mikal Haraldseide f.1916  
27.09. Gunnar Magne Johannes Dagsland f. 1933

## VATS

### Døypte:

04.09. Victoria Heggland-Stokland  
18.09. Simon Sandvik  
18.09. Trym Djuve Jekteberg (Døypt i Ølen kyrkje)

### Vigde:

20.08. Merethe Nordtveit og  
Tor Inge Vestre  
10.09. Susanne Helle og Øystein Voll

### Døde:

02.10. Tone Marie Maudal f.1961

## VIKEDAL

### Døde:

28.08. Synne Skjold Stensland  
18.09. Alma Haugland

### Døde:

15.08. Aslaug Mo f.1919

## IMSLAND

### Dåp:

04.09. Astrid Rønnevik  
04.09. Linea Helgevold Fjelldalselv

## SANDEID

### Dåp:

21.08. Odin Grønnestad-Lunde  
21.08. Viljar Sævareid Rustad

### Vigde:

13.08. Ingvild Vestbø og Evald Bjørnevik

### Døde:

03.09. Thor Rødne f.1945  
18.09. Eli Helgevold f.1925  
31.08. Laila Johansen f.1952

## MØTER OG KUNNGJERINGAR

### Øvre Vats bedehus

6. desember Norsk Gideon har møte søndag 6. desember kl. 19:00.  
Andakt: Josef Nilsen. Loftsmusikken fra Åkra. Mat og kaffi.

### Bedehusa i Skjold

Oktober	Austerheim bedehus Tysdag 25.10. kl.19.30 Flymisjonen Ersland bedehus Søndag 30.10. kl. 14.30 Hausttreff
November	Isvik bedehus Tysdag 1.11. kl. 19.30 Indre Sjømannsmisjon Austerheim bedehus Søndag 6.11. kl. 19.30 Kristen Muslommisjon Ersland bedehus Tysdag 8.11. kl. 19.30 Indre Sjømannsmisjon Austerheim bedehus Tysdag 15.11. kl. 19.30 Israelsmisjonen Isvik bedehus Tysdag 22.11. kl. 19.30 Samemisjonen Austerheim bedehus Fredag 25.11. kl. 19.00 Grautfest Ersland bedehus Søndag 27.11. kl. 10.00 Søndagsskulefrokost Ersland bedehus Tysdag 29.11. kl. 19.30 Norsk Gideon

### Kårhus bedehus

21. okt BEDEHUSBASAR 21. okt. kl.19.00. Andakt v/ Lars Sigmund Simonsen  
Me takkar for gevinstar. Alle velkomne!

### Vikebygd Bedehus

Oktober	Laurd. 22.10 kl 15:30 Laurdagsklubb 4 – 12 år Onsd. 26. + torsd. 27.10: Innsamling av klede til Ukraina Torsd. 27.10 kl 19.30 Gladsong. Kaffikos
November	Laurd. 5.11 kl 15:30 Laurdagsklubb 4 – 12 år Torsd. 10.11 kl 11.00 TrippTrapp for born 0-6 år m/foreldre Torsd. 10.11 kl 19.30 Lina Sandell kveld v. Lina Fisk Eide m.fl. Torsd. 17.11 kl 19.30 Møte Indremisj. Ragnhild Nesse
Desember	Laurd. 19.11 kl 15:30 Laurdagsklubb 4 – 12 år Laurd. 3.11 kl 15:30 Laurdagsklubb 4 – 12 år Tysd. 6.12 kl 19.00 Fellesmøte Bjoa / Vikebygd, på Bjoa . Kveldmat Torsd. 8.12 kl 11.00 TrippTrapp for born 0-6 år m/foreldre

### Bjoa Bedehus

Ungdomsklubb 7.-8. kl, Torsdagar kl 18-20 (20.10, 3.11, 17.11, 1.12)  
Credo 3.-6. kl, Onsdag kl 17:30 (2.11, 16.11, 30.11)  
Onsdagsmøte kl 19:30 (2.11, 16.11, 30.11)  
Bønnemøte kl 18:00 (26.10, 9.11, 23.11, 7.12)  
Barnekoret øver kl 18:00 (27.10, 11.11, 25.11, 9.12)  
Happy øver kl 19:00 (27.10, 11.11, 25.11, 9.12)



**KYRKJETUNET**  
ØLEN BEDEHUS OG KYRKJELYDSSENTER

[www.kyrkjetunet.no](http://www.kyrkjetunet.no)

Søndag 23. oktober	Sangkveld v/ Ole Aagnar Aadland
Laurdag 5. november	NMS-messe
Søndag 6. november	F-16 SHOW IT
Torsdag 10. november	Temasamling om bønn v/ Elin og Odd Gjerde
Søndag 13. november	Møte v/ NLM
Torsdag 17. november	Kvinneforum v/ Astrid Steinsland
Torsdag 24. november	Dugnadsfest
Torsdag 1. desember	Torsdagstrekk (kl 11)



Hugs på Vennskapskonserthen  
6.11 kl 18.00 i Skjold kyrke

# VELKOMEN TIL GUDSTENESTE

Gudsteneste	Vikedal Prestegjeld	Skjold Prestegjeld	Ølen Prestegjeld
<b>23. oktober</b> 19.s.e.pinse Sal 73,23-28	<b>Sandeid kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Hausstakkefest Utdeling av Mi kyrkjebok Takkoffer: Sambolabo	<b>Skjold kl. 17.00</b> G-17 Gudsteneste Nattverd. Søndagsskule Kveldsmat Takkoffer: G17	<b>Ølen kl 11.00</b> Familiegudsteneste/ Hausstakkefest 4-årsbok, Kyrkjekaffi Takkoffer: Bibelselskapet
<b>30. oktober</b> Bots-og bededag Hebr 3,7-11	<b>Vikedal kl 11.00</b> Gudsteneste Takkoffer: Familie og media	<b>Vats -</b> NB! Kyrkjelyds-weekend på Furutangen, Hjelmeland	<b>Vikebygd kl 11.00</b> Familiegudsteneste 4-årsbok, Hausstakkefest Offer: Oppussing/jubileum <b>Ølen kl 19.00</b> Kveldsgudsteneste Nattverd. Takkoffer: Israelsmisjonen
<b>5.november</b>			<b>Ølen kl 16.00</b> Minnegudsteneste Offer: Diakoniarbeidet
<b>6. november</b> Helgemesse Matt 5,1-12	<b>Imsland kl 11.00</b> Høgmesse Nattverd Takkoffer: Normisjon	<b>Vats kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer: Institutt for sjelesorg	<b>Bjoa kl 11.00</b> Nattverd. Presentasjon av 50-årskonfirmantane. Takkoffer: Kyrkjelydsarb. Nytt anlegg
<b>11.november</b>			<b>Ølen kl 20.00</b> Ungdomsgudsteneste Nattverd. Offer til misjonsprosjektet
<b>13. november</b> 2.Mos 3,11-15	<b>Sandeid kl. 11.00</b> Nattverd Takkoffer: Frelsesarmeen	<b>Skjold kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Speidarane deltek Takkoffer: Speidararbeidet	
<b>20. november</b> Siste sundag i kyrkjeåret Matt 25,31-46	<b>Vikedal kl. 16.00</b> Høgmesse Utdeling av Mi kyrkjebok Takkoffer: Bibelselskapet	<b>Vats kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Speidarane deltek Takkoffer: Speidararbeidet	<b>Ølen kl 11.00</b> Nattverd, Dåp, Kids of Joy Takkoffer til Kids of Joy <b>Vikebygd kl 17.00</b> Nattverd, Offer til MF
<b>27. november</b> 1.s.i advent	<b>Imsland kl. 17.00</b> Ljosmesse Takkoffer: Konfirmantabeidet	<b>Vats kl. 11.00</b> Familiegudsteneste Takkoffer: Navigatørene "Lys våken" blir med <b>Skjold kyrkje kl. 19.00</b> Lysmesse. Takkoffer: Korpset og BU-arbeidet i kyrkjelyden	<b>Ølen kl 11.00</b> Familiegudsteneste Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet "Lys våken" Bibel til 10-åringane
<b>4.desember</b> 2.s.e i advent	<b>Sandeid kl. 17.00</b> Ljosmesse Takkoffer: Konfirmantarbeidet	<b>Vats kl. 19.00</b> Lysmesse Takkoffer: Korps og BU-arbeidet i kyrkjelyden	<b>Bjoa kl 11.00</b> Familiegudsteneste Konfirmantar tek del Takkoffer: Misjonsprosjektet

## Kulturkveld i høve ny bibelomsetjing SULDAL KULTURHUS, SAND 25.oktober 2011 kl.19:00- 21:00

Viktig og inspirerende kveld med Bibelen i fokus, ikkje minst kva han har betydd og betyr for vårt folk og vår kultur.

**Program:** Forfattaren Edvard Hoem. Forfattar Inger Bråteit. Biskop Erling Pettersen. Saman med kultursjefane i Vindafjord, Suldal og Sauda kommunar har vi førebudd

denne kvelden, kor det også vert kulturelle/musikalske innslag. Arrangementet er ope for alle.

Inngangspengar: kr 100



Neste nr. av Hyrdingen kjem ut 8. des.  
Stoff kan sendast til:  
Hyrdingen, postboks 6, 5574 Skjold.  
E-post: redaksjonen@hyrdingen.no  
Frist for innlevering av stoff: 19. nov.

*"Lat oss ikkje halda oss borte når kyrkjelyden vår samlast" (Hebr. 10,25)*